



NR 3, 2025 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 93. ÅRG



I denne utgåva kan du lese om:

- 100-årsjubileet for Ortnevik kyrkje
- Dei liturgiske fargane
- Adventstradisjonar og min adventssalme

God adventstid!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

Layout og trykk: Printfarm AS

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 – Vipps 10089



LEIAR

Du sit no med Helgestunder nr. 3, 2025 i hendene. I år vart dette eit adventsnummer, og vi vil gjennom dette slå eit slag for adventstida; tida før jul der vi ventar og førebur oss på jula. Tida for den fiolette fargen, for lystenning og førebuing.

I år fell 1. søndag i advent på siste søndagen i november, 30 november, og denne dagen inviterer vi til lysmesse i Kyrkjebø og Lavik kyrkjer. Seinare i veka, onsdag 3. desember, blir det lysmesse i Høyanger og 2. søndag i advent, 7. desember, lysmesse i Bjordal. Velkommen til ein stemningsfull start på adventstida! I lysmesse vil konfirmantane våre ha ei viktig rolle. Vi har i år eit stort kull med konfirmantar, og vi har hatt fleire flotte møte med dei. Ta også vel i mot dei i kyrkja!

Vi ser i denne utgåva av Helgestunder også bakover, og har særleg fokus på kyrkjejubileet i Ortnevik i oktober. Det vart ei

innhaldsrik og flott helg, og syner kva vi kan få til når vi arbeider saman. I samband med jubileet inviterte soknerådet Ortnevik grendelag og Ortnevik Sanitetslag til samarbeid, og samarbeid på tvers av organisasjonar og bygdelag trur eg blir viktig i åra framover.

Når det gjeld jubileet har mange vore engasjerte, mange har lagt ned ein stor innsats – og det er tid for TAKK.

TAKK for baking, koking, servering, rigging, pynting, vasking og alt arbeidet som har vore gjort på førehand med jubileumsheftet, å sende invitasjonar til alle som er blitt døypte i kyrkja, planlegging av seminar og mykje, mykje meir.

Denne takken kan også utvidast til alle dei i kyrkjene våre som legg ned ein stor innsats i råd, utval og ulike typar arrangement og tilstellingar gjennom året. TAKK – og god adventstid!

www.kyrkja/hoyanger/
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thrane gt.3. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Renate Ø. Dale

Jobbmobil: 404 58 649
E-post: post.hoyanger@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 917 13 275
E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
Mobil: 452 21 737
E-post: AE639@kyrkja.no

Diakon i prestestillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik

Inger Cesilie Fitje, 5962 Bjordal
Mobil: 908 94 788
E-post: IF267@kyrkja.no

Kyrkjevevje: Stig Jonny Fitje

Mobil: 917 63 803
E-post: SF729@kyrkja.no

Organist: Peter T. Jobbagy

Mobil: 909 84 617
E-post: PJ@kyrkja.no

Kyrkjemusikar: Harald Dahlstrøm

Mobil: 454 40 644
E-post: harald.dahlstrom@gmail.com

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: Vidar Myren 913 11 283
Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 994 94 745
Lavik: Toril Lange 91 68 94 59
Bjordal og Ortnevik: Camilla M. Ådland 481 10 684

Leiar kyrkjeleg fellelsråd:

Sturla Bell Fossen 994 94 745

Kyrkjetenarar

Kyrkjebø, Vadheim og Høyanger:
Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977
Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

PILEGRIMSVANDRING TIL PARADIS



Dei første par dagane i oktober-månaden var vi med prestekolle-gaer på mini-pilegrimsvandring på Dovrefjell. Vi gjekk to etappar som er del av Olavsvegen, pilegrimsvegen heilt frå Oslo gjennom Gudbrandsdalen og over Dovrefjellet mot Trondheim, gamle Nidaros. Sidan 2012 har det vore ei nasjonal satsing både frå staten og frå kyrkja på denne gamle norske «pilegrimsleden» frå mellomalderen. Det var ei stor oppleving å få gå i storarta landskap og med fantastisk flott himmel over. Ein studietur med vekt på pilegrimserfaringa, veksel mellom samtale oss imellom – på tomannshand eller i gruppa – og stillheit. Tre gonger om dagen bad vi tidebøn.

«Pilegrim» (frå latin «peregrinus») tyder ordrett «framand»,

å bli ein framand, kjenne seg framand, bryte opp i det ukjente, framande. Det gjorde godt å vere løyst frå arbeidskvardagen. Ha eit tydeleg mål for dagen, fysisk og geografisk. Sjå landskapet forandre seg. Bruke alle sansar, kjenne vinden på huda, kulden om morgonen og varmen seinare på dagen. Kjenne etter i kroppen. Bruke alle inntrykk for å reflektere over eige liv. Gå i fellesskap. Dele frå eige liv. Og gå i stillheit. Berre vere til stades, der ute i naturen.

Eg opplevde at det «å gå pilegrim» (som dei sa i gamal tid) var bokstaveleg akkurat som vi syng i salmen Deilig er jorden, som ikkje berre er ein julesalme:

*Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel,*


*skjønn er sjelenes pilgrimsgang.
Gjennom de fagre riker på jorden
går vi til paradys med sang.*

No vandrar vi på nytt jula i møte. Tida før jul, advent, kan bli ei indre pilegrimsvandring for oss mot Betlehem. «Til Betlehem, til Betlehem!» er ropet til dei som i Jostein Gaarders Julemysteriet vandrar i tog til Betlehem tilbake gjennom tida. Og vi kan bli saman med dei på denne veggen.

Men livet er samstundes også uavlateleg ei pilegrimsvandring mot framtida. Med utgangspunkt i det som skjedde i julenatta får vi eit perspektiv og eit mål for denne vandringa. Det finst tider då vi slit oss fram. Men vi har eit mål.

Andreas Ester sokneprest

LITURGISKE FARGAR I KYRKJEÅRET



I kyrkja brukar vi ulike fargar i gudstenesta. Kvifor gjer vi dette? Fargar kan vere uttrykk for symbolsk tyding og utløyse ulike stemningar. Folk har sine personlege favorittfargar, og moten skifter kvar sesong fargar som er mest «in». Tydelege fargar kan gi rask og livsviktig orientering som i trafikklys og farevarsling. Å bruke fargar for å markere kyrkjeår-gang har ei tilbedande og ei pedagogisk side.

Kvitt. Utgangspunktet for alle fargar i kyrkjeåret er kvitt – som fysisk sett strengt tatt ikkje er ein farge, men ei blanding av alle fargar i kvitt lys. Jesus hadde slett ikkje alltid kvite klede på seg, men det blir fortalt i historia om forklåringa at «kleda hans vart så skinande kvite at ingen som bleikjer klede her på jorda, kan få dei så kvite» (Mark 9,2-9). Englane ved grava ber også kvitt. Kvitt er kristusfargen, vi brukar kvitt i jula og påska og på fleire Kristus-høgtidar. Kvitt står for lys, glede og oppstode. Den eldste liturgiske drakta var kvitt, fleire fargar utvikla seg ikkje før i mellomalderen.

Fiolett. Utviklinga av kyrkjeåret starta med påsketida. Dei kristne byrja å feire påske kvart år som

høgtida for oppstoda til Herren sin frå det 3. og 4. århundre. Som førebuing til påske og særleg for dei som skulle døypast i påskenatta utvikla det seg tidleg ei 40-dagars fastetid i forkant. Fasten fekk i seinare tid fiolett farge, den mørkaste vi brukar i kyrkjeåret, motsetnaden til kvitt. Adventstida før jul er parallelt fastetida for førebuinga til jula (men kom historisk mykje seinare) og har også fått fiolett farge.

Grøn. Store delar av kyrkjeåret har grøn farge som symboliserer vekst og liv og håp.

Raud. Pinse, Heilaganden si høgtid har fått raud farge, i tillegg martyrdagane som er bevart i Dnk (Stefanusdagen på 2. juledag, Jonsok og Olsok). Raud står for Heilaganden sine flammar og sin energi, for kjærleik og blod.



Glasbmåleriet i Høyanger kyrkje viser alle 4 liturgiske fargar rundt den krossfesta. Blå og svart har også tradisjon som liturgiske fargar (m.a. i den svenske kyrkja).

Andreas Ester sokneprest

MIN ADVENTSALME

Det finst mange julesalmar, og verdslege julesongar, som vi alle er godt kjent med. At vi også har adventssalmar, er kanskje ikkje for alle like godt kjent.

Eg likar godt «Opp gledest alle, gledest no», som er salme nr. 7 i Norsk salmebok frå 2013. Mange kjenner nok denne i Odd Nordstoga sin versjon, frå 2009. Opphavleg er dette ein dansk salme, ført i pennen av Thomas Kingo. Omsett av Elias Blix i 1890. Elias Blix vart født i Gildeskål i Nordland i 1836. Blix er ein av våre store salmedikttrar. I salmeboka finn vi fleire titals salmar som han har skrive eller omsett. Av desse kan nemnast: «Gud signe vårt dyre fedreland» og «No livnar det i lundar».

Elias Blix skreiv på nynorsk, og var ein ivrig målmann. Han kjempa for å få nynorsk jamstelt med bokmål, både til kyrkjeleg bruk, og i samfunnet elles. For sitt arbeid vart han utnemnd til kommandør av St. Olavs orden i 1901.

*Opp gledest alle, gledest no
med fagnad, fred og heilag ro
i Herren, dykkar gleda!
For Jesus, han er no så nær
og vil, då han oss heve kjær,
i kjøtt og blod seg klede.*

*Bort, sorg og saknad, or vårt sinn!
Guds glede vil me lata inn,
at me kan Jesus fagna
med bøn og hjartans takk og tru.
Med honom skal i fred me bu,
og glede aldri tagna.*

*Gud, lat din fred, som høgje er
enn hug og vit kan fata her,
vårt hjarta vel få vara
i Kristus Jesus, at me må
den store julegleda få
som aldri bort skal fara!*

Vidar Myren



Treng du nokon å snakka med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.

22 40 00 40 • soschat.no



**GI ÅRETS
VIKTIGSTE JULEGAVE**

460 millioner barn lever i områder med krig og konflikt.
Vi er tilstede der nøden er størst.

Din hjelp redder liv.

VIPPS til 2426

KIRKENS NØDHJELP
actalliance



**Hjelp barn i
hjem med rus**

90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

 **Blå Kors**

Gi din gave på Vipps 936679

ADVENTSTRADISJONAR FØR OG NO



Samstundes som eg er beden om å skrive om erfaringar frå adventstida, er det fokus i media på sal av adventskalendrar med sminkeprodukt til 2-3 tusen kroner. Eit grelt eksempel på kva sosiale media, reklame og kommersialisering kan føre til.

Advent på 50-talet

Tankane mine går tilbake i tid. På 1950- og 60-talet hugsar eg at mor mi kvart år laga ein krans av granbar med silkesløyfer og fire lys. I vindauga vart det hengt opp ei stjerne av papp med lys inni som skulle minne oss om Betlehemstjerna. Vi borna fekk ein adventskalender gjerne med

stallen som motiv. Inni kvar luke var det små plastfigurar av dyr og personar frå juleforteljinga. Kalendrane kunne også ha nissemotiv. I skulen hugsar eg at vi fekk oppdelt godt teiknepapir i kortstorleik, slik at vi kunne teikne julekort som vi gav til kvarandre eller sendte i posten. Vi laga også korgar og lenker av glanspapir til juletreet. Baking av sju sortar småkaker var vanleg.

Advent på 80-talet

På 70- og 80-talet var det min tur til å lage tradisjonar i heimen. Då hadde IKO (no: Institutt for kirke og oppvekst) utarbeidd hjelpemiddel som gav gode idear

til opplegg. Lysestake vart pynta til høgtidene med ulike liturgiske fargar. I adventstida vart det brukt fire fiolette lys. Vi byrja gjerne litt i forkant med å tenne første lyset laurdagskvelden før 1. søndag i advent. Songen som vart nytta var «No tenner vi det første lys» som Sigurd Muri skreiv i 1963.

Kirkens Nødhjelp laga adventskalender der vi kunne lese om born rundt om i verda, og vi kunne gje ei gåve i staden for å få ting. (Idear til omvendt adventskalender kan ein i dag finne på KN si nettside.) Vi hadde også adventsblokk som vi kunne opne kvar dag og lese forteljingar og gjere ulike oppgåver i. Til bruk i heim og skule vart det laga bøker med 24 kapittel der ein kunne lese forteljingar om Josef og Maria og Jesusbarnet med ulike innfallsvinklar. Elles var det tid for hobbyarbeid og juleverkstader i heim og barneklubb. Pepperkakebaking og lagning av pepperkakehus var viktig førjulsaktivitet. På byrjinga av 80-talet begynte feiringa av Sankta Lucia 13. des. Då bakte vi Lussekattar med gurkemeie (safran var for dyrt) og gjekk rundt i nabolaget kvitkledde med glitter, lys og song. Luciafeiring har sidan blitt fast tradisjon i barnehage og skule. Julekrubba fekk fram mot jul sentral plass i stova. Den kan byggast opp ved at figurane finn plassen sin i løpet av adventstida.

I 1979 laga NRK serien Jul i Skomakergata. Denne vart sendt i reprise seks gonger. Serien vart svært populær og samla heile familien om gode verdiar som gav forventning fram mot jul.



Appelsinen med 24 nellikar der ein tok ut ein nellik kvar dag vart nok brukt i mange heimar.

Advent i dag

Sidan har NRK laga mange flotte seriar som gir rom for fantasi og innleving og som har tema m.a. om naturvern, venskap og toleranse. I dag då mange har tilgang til desse i TV-kanalane, kan ein faktisk velje ein god serie og sjå den i lag med borna.

No har det nesten blitt eit press på foreldre om å lage til 24 pakkar med småting til borna. Mange kjøper sikkert noko nyttig eller brukar gjenbruksting, og tradisjonen kan skape glede og forventning. Men det blir nok for mange eit stress i dei travle kvar-dagane dei fleste barnefamiliane har i dag. Mange heimar flyt over av unyttige ting, og det er absolutt ikkje godt for kloden med det overforbruket vi har i samfunnet. For ikkje lenge sidan vart eg takksam då eg i gåve til adventstida fekk ei snor med 24 hjarte med gode ord for kvar dag.

Eg trur det viktigaste for borna er at vi prioriterer tid med dei,

IKO har mange fine hefte og bøker for ulike aldrar som kan brukast i adventstida; både aktivitetsbøker og høgtlesingsbøker. Her kjem forsida på nokre få av dei. Bøkene kan tingast på iko.no



og at dei får rolege stunder i ein elles hektisk periode av året.

Eit veldig godt minne for meg er frå 1984 då alle tre borna våre hadde laga julegåver i skule og barnehage, som eg ikkje visste noko om på førehand.

Det har vore fint å sjå gleda når born har gitt sjølv laga gåver. Då har eg verkeleg sett at den største

gleda ein kan ha er å gjere andre glad. I fjor fekk eg huskonsert i gåve, og det trur eg var den beste gåva det året. Alternative julegåver kan vere så mykje forskjellig, opplevingar, gjenbruk og tenester, så la oss bruke fantasi så vi kan vere med å lage nye trendar.

God adventstid!
Sissel Sørebo

«HAN HELSAR OSS MED SOMMAR I OKTOBER»

ORTNEVIK KYRKJE 100 ÅR

4. OG 5. OKTOBER 2025

Tekst av Inger Cesilie Fitje

Helga 4. og 5. oktober 2025 vart det endeleg klart for 100-års-jubileum i Ortnevik – eit arrangement som det har vore arbeid fram mot i lang tid.

Men å arrangere fest og jubileum i oktober er eit spennande prosjekt; blir det regn eller sol, storm eller stille?

Vekene før jubileet var prega av flott haustvær. Det store spørsmålet var derfor; ville det halde heilt inn?! Etter kvart som helga nærma seg vart det derimot klart at vi skulle få ei total omlegging av veret i dagane før jubileet; «Amy» var på veg – ein ekstratropisk syklon. I Noreg traff «Amy» natt til 4. oktober. Uveret førte til fleire farevarsel, og kraftige vindkast tok med seg gjenstandar og hustak. I Sør-Norge førte uveret til mange stengte vegar, 155 000 var straumlause og over 16 000 skademeldingar vart registrerte i dagane etterpå.

Med andre ord litt av ei opplading til jubileet! Ortnevik er ei bygd der vindretninga som var meldt, søraust, merkast godt. Men denne gangen var vinden meir sørleg enn austleg, og vi merka lite til «Amy» sine herjingar her. Rundt oss var det derimot fleire stengde vegar, og tidleg på morgonkvisten laurdag 4. oktober forsvann også straumen. Korleis skulle dette gå..?



Seminaransvarleg Terje Søreide saman med Harald Dahlstrøm og Anita Nordheim. Foto: Kjersti Søreide

Laurdag var den store seminar-dagen, men trass straumstans og stengde vegar; seminar vart det! Eit todelt arrangement som starta i dei nye lokala til Ortnevik Tre og som vart avslutta i kyrkja. Her var det innlegg både om næring, kultur og kyrkje, og det heile vart avslutta med panelsamtale med dette som tema. Dei frammøtte fekk med seg mykje godt og variert program, og i tillegg til ord var det også musikkinnslag med gjester frå nordsida; Anita Nordheim og Harald Dahlstrøm, og den lokale songgruppa Fjorldåt.

Arrangementet vart avslutta om lag kl.18, og like etter kom også straumen tilbake. For dei som hadde ansvar for helga, gav dette håp om at søndagen kunne gå som planlagt.

Og søndagen kom med sol og flott ver! Klokka 12 kunne vi igjen fylle kyrkja - denne gangen til festgudsteneste. Biskop Ragnhild Jepsen vart hindra av veret laurdag, men var no på plass. Det



Foto: Kjersti Søreide



Kakebord! Foto: Kjersti Søreide

same var fleire andre tidlegare og noverande tilsette. Erling Bjordal hadde i samarbeid med Artur Szaprowski laga prosesjonskors i gåve til kyrkja, og korset vart teke i bruk i gudstenesta. Joel

Merkesvik Ådland leia prosesjonen, og Erling vart i gudstenesta takka for gåva. Også Tony Rozenaal vart takka for innsatsen han har gjort med omsyn til orgel i Ortnevik kyrkje.

Det var om lag 140 frammøtte til gudstenesta, og alle var etterpå inviterte til grendehuset. Og ein ting er sikkert; huset rommar fleire enn vi trur! Eit solid lag av frivillige sørgde for at alle fekk mat; først fiskesuppe, betasuppe, pølser med brød og seinare kaker frå eit rikhaldig kakebord.

Etter middagen kunne dei som ville få omvising på kveiteoppdrettet og i stavkyrkja som Anders Brekke har bygd på Brekke, før det var tid for siste post på programmet; konsert i Ortnevik kyrkje med Sigrid Moldestad. Mange hadde møtt fram for å få med seg denne opplevinga, og det vart ei flott og stemningsfull avslutning på ei innhaldsrik helg - ei helg som kan oppsummerast med utdrag frå ein av salmane i gudstenesta: «Han helsar oss med sommar i oktober». For sommar i oktober vart det denne oktoberdagen - 5. oktober 2025 - både bokstavleg og i overført tyding.



Sigrid Moldestad. Foto: Kjersti Søreide

JUBILEUMSHEFTE – ORTNEVIK KYRKJE 100 ÅR

I samband med 100-årsjubileet for Ortnevik kyrkje, vart det laga eit eige jubileumshefte. Mange har vore engasjert i dette arbeidet, og i redaksjonen fann vi Nina Brekke, Lasse Brekke, Anders Brekke, Ann Iren Østerbø, Inger Cesilie Fitje, Kyrre Fitje og Geir Sørebo. Den grafiske utforminga er det Stig Hovlandsdal Øverås som har hatt ansvar for.

Heftet vart seld i samband med jubileumshelga, og det er framleis mogeleg å få kjøpt på butikken i Ortnevik og på kyrkjekontoret. Vi tenkjer at dette må vere ei flott julegåve!

Geir Sørebo hadde redaktøransvar for jubileumsheftet, og han presenterte også heftet på jubileumsseminaret laurdag 4. oktober. Vi tek her med nokre utdrag frå Geir sin presentasjon, og håpar at du får lyst til å lese meir om Ortnevik, kyrkja og folket!

Dette fiksar vi sjølve!

Dette er konklusjonen på jubileumsboka. Replikken kom fram under eit møte i nemnda som planla bokprosjektet. Bakgrunnen var observasjonar som vi hadde gjort etter å ha gått gjennom kristentrua sine nedslag i Ortnevik gjennom 200 år.

Det toppa seg vel då vi gjekk gjennom alle kyrkjebøkene for heile 1800-talet og fann at det knapt var nokon stad i landet at heimedåpsprosenten var så høg. I nokre år vart 4 av 5 born heimedøpte. Det var normalen at borna vart heimedøpte, ikkje av presten, men av bønder i bygda. Av ein far, eller onkel eller ofte ein nabo. Vi har gått gjennom nam-

na på alle og funne at eit fleirtal av dei vaksne mennene i bygda hadde døypt einkvan.

Det var dåpen. Så var det gravferd. Folk i Ortnevik gravla nesten utan unntak sine døde sjølv utan medverknad frå prest. Ein for til kyrkjegarden på Kyrkjebø når det måtte passe. Så kunne presten kaste jord på grava når det måtte passe for han. Ein skulle kanskje tru at dette vart endra i 1915, då ein fekk opparbeidd eigen gravplass i Ortnevik, men presten søkte då om skyssgodtgjersle til å dra til Ortnevik to gonger i året for å kaste jord på graver. I praksis vart det visstnok ikkje så ofte heller.

Langt innpå 1800-talet var det eit sterkt engasjement for å bygge kyrkje i Ortnevik. Men her møtte ein motstand ovanfrå. I den store kyrkjebyggjingsboomen på siste halvdel av 1800-talet fall Ortnevik igjennom. Både prosten, biskopen og Kyrkjedepartementet meinte

at det i høgda kunne byggjast ei kyrkje på Sørsida i det som i dag er Høyanger kommune. I boka vil de finne eit avisinnlegg frå 1899 i Sogningen der Kyrkjedepartementet vert kalla for «Ortnevik si plageånd»!

No skal eg ikkje gå inn i detaljane, det kan de lese om, men Ortnevik kyrkje vart reist med mykje trass og staheit, dugnad, innsamling og lokal energi. Og for retteleg å setje myndigheitene på plass, så bygde ein den største kyrkja ein kunne makte. Langt over den offisielle norma. Og ein av bygda sine eigne søner, Lars Norevik, fungerte som arkitekt og kokte i hop mange element frå dei gamle kyrkjene omkring, spesielt i Vik. Det gjekk jo ikkje betre enn at kyrkja rasa saman i ein stor plankehaug då ho var nesten ferdig. Det var referert i alle landets aviser. Men då ser det ut til at folk i bygda verkeleg fekk blod på tann. Dei bretta opp ermane, samla inn pengar, dreiv



Jubileumshefte

dugnad og kyrkja kom opp att i rekordfart. Dette fiksa dei sjølve.

Dette fiksar vi sjølve. Det er interessant å sjå og studere korleis

ein i ei lita bygd som Ortnevik var i stand til å ta ansvar. At vi får støtte frå sentrale instansar, er vel og bra, men historia har lært oss at vi kan ikkje vente all verda frå

korkje kyrkjelege eller politiske myndigheiter, og då har vi lært å seie: Dette fiksar vi sjølve - og då har det vist seg at det kom opp stadig vekk nye kreative idear.

UNIVERSELL TILGANG ORTNEVIK KYRKJE

Det har i mange år vorte arbeidd med å få til universell tilgang til Ortnevik kyrkje. At dette kom på plass til 100-årsjubileet var derfor ekstra kjekt, og det er no lettare for dei som har barnevogn, dei som ikkje er så gode til beins

eller dei som brukar rullestol å komme seg inn i kyrkja.

Innvendig er det også laga HC-toalett i eit rom i tilknytning til våpenhuset. Dette er ei stor forbetring frå tidlegare då ein måtte bruke toalett i kjellaren

som har vore lite tiltalande og vanskeleg tilgjengeleg.

Fellesrådet takkar Bjarte Brekke og Atle Bjordal for vel utført arbeid!



Kaia Bing tek i bruk den nye inngangen til Ortnevik kyrkje. Foto: Sissel Sørebo

SOKNA SINE MISJONSAVTALAR

Den norske kyrkja er ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. Vi skal saman med den verdsvide kyrkja forkynne evangeliet om Jesus Kristus i nærver, handling og ord – lokalt og globalt. Dette er formulering frå kyrkjemøtet i 2012.

Lokalkyrkjelydane er oppmoda til å støtte prosjekt gjennom misjonsorganisasjonar som har lokale nettverk i den verdsvide kyrkja. Alle sokna i Høyanger har inngått slike avtalar med Det Norske Misjonsselskap. Høyanger og Kyrkjebø sokn har avtale om å støtte prosjekt i Estland, Lavik har Mali-prosjekt og Bjordal& Ortnevik Etiopia.

Dersom ein søker på nms.no, meny og deretter aktuelt sokn, vil ein finne informasjon om det arbeidet vi er ein del av, men vi tar med nokre glimt frå misjonsprosjekta her.

Etiopia

I mars feira rundt 200 kvinnelege



Foto frå Estlandsblogg - NMS

prestar at det var 25 år sidan den første kvinnelege presten vart ordinert i Mekane Yesus kyrkja. Pastor Ruth Megersa, ein av dei første kvinnelege prestane, fortalte om korleis ho måtte kjempe den første tida: «Dei første åra fekk eg ikkje lov til å ha gravferd fordi samfunnet ikkje trudde at ein kvinneleg prest var kvalifisert. Ein dag då alle dei mannlege prestane var opptekne eller bortreist, leia eg ei gravferd for første gong. Frå den dagen begynte samfunnet å stole på at eg også kunne ha gravferd.»

I dag har Mekane Yesus – kyrkja 11 mill. medlemmar og 9 511 prestar, av desse er berre 260 kvinner. Difor er stipend til kvinnelege teologar med støtte frå m.a. NMS, viktig med tanke på å utdanne kvinner til leiarstillingar.

Estland

På bloggen kan vi lese om leiren Saku kyrkjelyd arrangerte i slutten av august. Saku kyrkjelyd er ein ganske ny kyrkjelyd i tettstaden Saku i utkanten av Tallinn. Arbeidet med å starte kyrkjelyd der, begynte i 2011. Heilt frå starten har dei hatt leir, og for 14. år på rad inviterte kyrkjelyden til barneleir og i år deltok 36 born, mange av dei var ikkje medlem i Saku kyrkje.

Om leiren står det:

Tema for leiren var Jesu likningar. Vi såg dokketeater om den bortkomne sonen. Og så hadde vi bibeltimar om to andre likningar - den hardhjarta tenaren (Matt 18) og såmannen (Matt 13). Barna fulgte bra med og temaene engasjerte. Vi fekk til og med øve på å tilgi på ein betre måte enn tenaren i likninga vi hørde om.



Ved eksamensfesten 21. juni, vart 2 godt vaksne kvinner, uteksaminert med ein master i teologi begge takka vere stipendordninga. Foto: Worknesh Cenno



Barnas

Vits:

Veit du kva som
er meitemarkens
favorittsong?
Svar: Deilig er
jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe
gjetarane å finne
vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FARGELEGG



FINN FEM FEIL


Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet
i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men
kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2
også vidare.
Kva gøymmer
seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror

FRILUFTSGUDSTENESTE 15. JUNI PÅ ÅSENUTSIKTA, SØREIDE

Trass i dårleg vermelding vart det opphald så vi kunne sitje ute under gudstenesta, og det vart greitt å grille for dei som ønskte det. Gamle kompisar fekk sjanse til å slå av ein prat ved den flotte dagsturhytta.



Norvald Østerbø, Geir Sørebo, Anders Søreide, Engel Sørebo og trefiguren OlderOle.

Foto: Mari-Ann Lund Fridtun

GLIMT FRÅ ARBEIDET I BJORDAL



Sommaropplegg i Bjordal kyrkje. Geir Sørebo hadde tre kveldar med interessant innføring om kunsten i kyrkja.



Hausttakkefest på Massnes Villmarksmuseum. Takk til Mari-Ann og Olav Fridtun som hadde pynta det nydelege bordet med haustfargar.

50-ÅRSKONFIRMANTAR OG KONFIRMANTPRESENTASJON

Det har etter kvart vorte tradisjon at 50-årskonfirmantar og dei nye konfirmantane er inviterte til same gudsteneste siste søndagen i august. Slik også i år. Dette skuleåret er det berre 1 konfirmant i Lavik, og difor var det ekstra kjekt med 50-årskonfirmantane i tillegg.

Kyrkjekaffien var denne dagen i bispestova. Fleire var i bispe-

stova for første gong, og Bjarne Hellebø vart spurt om å fortelje litt om huset. I tillegg fortalte Olav Hellebø om Thomas Eriksen som var sokneprest då Lavik kyrkje vart bygd og som budde i bispestova ei tid etter at han slutta som prest. Dette vart ein annleis og hyggjeleg kyrkjekaffi, og soknerådet håper at dette kan bli ein tradisjon.



Bispestova. Foto: Bjarne Hellebø

LEIRDAG MED OPNING AV MINIGOLFBANA

Første dag i sommarferien inviterte Lavik sokneråd til leirdag på Alværa. 14 born frå 1. til 6. klasse var med. I løpet av dagen fekk alle litt erfaring med kva leir kunne vere. Vi fekk lære litt om Mali, både om landet og misjonen, og sjå og prøve ting derifrå. Maria fortalde om Daniel i løvehola, og vi song. Mat er viktig på leir, likeins leik både ute og inne. Alle fekk også teste den nye minigolfbana.



Seinare på ettermiddag kom foreldre og folk frå bygda for å høyre og sjå at ordførar Petter Sortland hadde den offisielle opninga av bana. Etterpå var det grilling. Med litt yr i lufta og rikeleg med knott, var det greitt å kunne ete grillmat innandørs.

FREDAGSTACO PÅ ALVÆRA

24. oktober inviterte Lavik sokneråd til stor-familiesamling med taco på Alværa, og for mange var det ein fredag utan middagslaging og påfølgjande oppvask. 37 born, ungdom og vaksne kunne sette seg til bords i 16.30-tida. Mange var nok svoltne og det smakte godt, for det vart ikkje mykje att.

Innimellom måltid og samling, var det frileik og spesielt gøymsel var populært. På familiesamlinga var det mykje song og gjennom teikneseriefilm fekk ein lære litt om Bartimeus. Fredagstacoen vart avslutta med kake og kaffi. Dette var eit populært og triveleg tiltak, og ein vil prøve å satse på fredagstaco fleire gonger.



NYNORSK SALMEBOK 1925–2025

«Lærerik og underhaldande salmekveld» skreiv lokalavisa vår etter Kyrkjebø si markering av at Nynorsk salmebok vart teken i bruk for 100 år sidan. Nærare femti menneske kom til kyrkja ein vanleg torsdag for å få med seg dette. Initiativet kom frå Kyrkjebø mållag. Programmet var sett saman av både gamle og nyare salmar – sjølv sagt alle i nynorsk språkdrakt, og med i Norsk salmebok 2013. Songen ljoma - til takk og ære for både Hognestad, Hovden, Støylen og Blix. Desse pionerane, og dei meir lokale Matias Orheim og Olav Sande var alle med, i

tillegg til nyare salmar av Edvard Hoem. Alt vart sunge til nydeleg tonefylgje av trøorgel, fløyte og salmodikon.

Salmodikon? Ja, dette enkle ein-strengs-instrumentet fekk me høyre både lyden av, og historia til. Det vart brukt i mange av våre kyrkjer på tidleg 1800-tal. To kreative jølstringar har rekonstruert og demonstrerte sine sjølvbygde instrument. Leiaren i mållaget fortalde på interessant vis om korleis Nynorsk salmebok vart til. Til slutt kom ho med ei ytring kring allsongen, som tykkjest å vere på vikande front.

Spørsmålet til oss er: Kva rolle skal denne viktige delen av vår kultur-historie, salmane og allsongen, som har vore så viktig for fellesskap og identitet, ha framover?



Frå v: Hanne-Kristin Meek Ljotebø (leiar i mållaget), Harald Dahlstrøm, Keiko Matsui-Li, Magnus Hope, Gunnar Smaadal og Sonja Aasen Årdal. Foto: Vidar Myren

På kyrkjebakken

Babysang i Høyanger kyrkje

Om lag annankvar tirsdag er det babysang i Høyanger Kyrkje. Vi møtest kl. 11 og har ei lita sangøkt i lag før det er tid for mat og prat. Vi serverer kaffi og te, ta gjerne med matpakke!



Babysang er eit tilbod for dei minste barna saman med ein eller begge foreldra. Vi tenkjer at det er viktig å skape møteplassar, og i tillegg veit vi at sang er med og fremjar god helse og god kontakt med barnet. Barn og foreldre frå heile kommunen er velkomne!

Ein gang kvart semester har vi babysang på sjukeheimen; om hausten på Kyrkjebø sjukeheim og om våren på Høyanger sjukeheim. 9. desember er det slik babysang på Kyrkjebø sjukeheim. Dette blir siste samlinga i 2025, men 6. januar 2026 startar vi opp att med babysang i Høyanger kyrkje. Velkommen til song, musikk og fellesskap!

Det skjer på Alværa

Fredag 5. desember: Adventsfest

Servering av gløgg frå kl 17.00. Middag kl 18.00. Deretter litt program, prat, kaffi og åresal. Påmelding til Alværa 48 99 06 61

Leiarhelg: 9.-11. januar

Vinterleir: 6.-8. februar, alder 2. -7. klasse.

Mariahelg: 7.-8. mars

Meir informasjon: sjå nmsu.no- leir eller ring Alværa.

Salmekveld og 160-årsjubileum

Salmekveld med tema «Vi syng jula inn» har etterkvart vorte ein tradisjon i Lavik kyrkje. Som vanleg vil eit ensemble frå Fjordbrass syte for musikken. Vi får lytte til og synge advents- og julesongar. I tillegg får vi høyre nokre advents- og juleforteljingar. 8. desember er det 160 år sidan Lavik kyrkje vart vigsla, noko som også vert markert denne kvelden. Olav Hellebø fortel om kyrkja, og det vert servert kake og kaffi.

Høyanger og Kyrkjebø

KOM OG BLI MED TIL BETLEHEM!

Vi vil i år prøve å ta opp att tradisjonen med julespel i advenstida, nærare bestemt 16. desember. Denne dagen blir det julespel i Høyanger kyrkje og Kyrkjebø kyrkje, og barnehagar og andre vil få invitasjon.

Vi tenkjer at dette blir ei fin oppleving i adventstida, og håpar at mange vil ta turen til kyrkja denne dagen!

Karnevalsgudsteneste i Ortnevik

Søndag 8. februar kl. 15.00 blir det karnevalsgudsteneste for små og store i Ortnevik kyrkje. Etter gudstenesta blir det leik, aktivitet, kaffi, saft og bollar i grendahuset. Meir informasjon kjem, men hald alt no av dagen! Velkommen!

Kyrkje- og misjonsdag på Alværa 2026

Laurdag 10. januar vert det invitert til samling på Alværa kyrkje- og misjonssenter. Det har vore ein god tradisjon å byrje året med ein temadag til inspirasjon for kyrkjelydane. Vi byrjar programmet kl. 10.30 etter at dei som ynskjer det har fått kaffi med noko attåt. I år er det **pilegrimsvandring** som er tema. Dei seinare åra har historiske ferdselsårer i heile Europa blitt teken meir i bruk igjen. Her i området har vi regionalt pilegrimssenter på Selje. Gulatinget, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Kinn kyrkje, Svanøy hovedgård og Selja kloster er nøkkelstader langs kystpilegrimsleia. Også elles i kyrkjelydane våre har det vore invitert til korte og lengre vandringar, og fleire gjev uttrykk for at det har vore til inspirasjon. **Kystpilegrimsprest Einar Vegge** har sagt ja til å vere med oss denne dagen og dele av sin lange erfaring. Det blir som vanleg mykje song og musikk frå ulike tradisjonar. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste kl. 14.30. Om ettermiddagen blir det servert kaffi med mykje godt til, og ein kan delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område. På grunn av måltidene er det påmelding til Alværa tlf. 489 90 661. Vel møtt til fellesskap og interessante samtalar om eit spennande tema!

Områdeutvalet for NMS Ytre Sogn

NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Det er i skrivande stund enno flotte haustfargar ute. Me har passert midten av oktober og kan sjå tilbake på ein flott sommar og haust. Vist har det vore periodar med regn, men dei lange periodane med godt ver dominerer.

Hausten symboliserer ulike ting i liva våre. For mange har denne hausten vore prega av eit endeleg farvel med nære og kjente. Først og fremst på grunn av alderssamansetninga, demografien, i Høyanger kommune set me denne hausten ein spesiell rekord. Dei siste 3 månadene har det vore teke avskjed med 25 menneske i kommunen. Det er eit snitt som ligg nær det doble av det som har vore vanleg dei siste åra. Sidan nær alle desse ynskjer kyrkja med seg, har det gitt oss som jobbar her ei spesiell tid. Det er viktig og kome dei sørgjande i møte, og det opplever eg at me har klart. I denne samanheng vil eg takke mine kollegaer i kyrkja, men og dei i kommunen som har ansvaret for å legge til rette på gravplassane. Det har vore velvilje sjølv om dei har måtta sleppe andre oppgåver og stå overtid for å etterkome ynskje.

Ei helg kjem til å bli hugsa spesielt: 4.-5. oktober var det duka for 100-årsjubileum for Ortnevik kyrkje. Og akkurat denne helga valde også stormen «Amy»

Juletreff i Ikjefjord

Ikjefjord blir det som vanleg juletreff 2. juledag kl. 14.00. Inger Cesilie Fitje deltek. Det er Ikjefjord bygdelag som er arrangør.

LysVaken i Lavik kyrkje

17.-18. januar for 5. klasse og eldre.

LysVaken startar laurdag ettermiddag og er slutt etter gudstenesta/kyrkjekaffien søndag. I løpet av desse timane, vil vi ha eit variert program med leikar, kyrkjevandring, førebuing av gudsteneste, film, måltid og sosialt samvær. Når kvelden kjem, kan dei som vil, få overnatte i kyrkja. Søndag et vi frukost saman, før vi gjer dei siste førebuingane til gudstenesta. Etter gudstene-

sta blir det kyrkjekaffi. Meir informasjon kjem rett over nyttår.



å kome. «Amy» gjorde det spennande å lage til feiring med fleire store arrangement. I Ortnevik plaga ikkje vinden arrangørane, men når straumen går

og ein er spent på om gjester kjem som planlagt, då blir det fort litt vel spennande. Men alle arrangementa gjekk som planlagt – for fulle hus! Straumen kom tilbake slik at suppe til alle gjestene vart klar til jubileumsgudstenesta var ferdig.

«Amy» herja meir andre stadar enn i Ortnevik. Og me fekk meldinga om ei stor rotvelte på Høgreina gravplass. Heldigvis gjorde den ikkje skade på gravminna, og jobben med å rydde opp kunne starte rimeleg raskt.

Siste veka har kyrkjevevja jobba med budsjett for neste års arbeid. Vedlikehald av kyrkjer, gravplassar og klokketårn står sentralt når kyrkja ber kommunen om løyvingar. Den dårlege kommuneøkonomien bekymrar oss, for alle bygga er kjære for dei som soknar til dei, og vedlikehald av gamle bygg kostar, men å la vere kostar enda meir på sikt. Dette året stod 100-årsjubilanten, Ortnevik kyrkje, i sentrum for prosjekta våre. Kyrkja har fått på plass universell tilkomst og HC-toalett. I tillegg fekk me gjort ein del av det som var naudsynt av målingsarbeid inne. Noko måtte me utsetje fordi det vart for krevjande i første omgang, og dei kunstmåla søylene, dørene og dørkarmane står att å få ordna. Den ytterveggen som er mest utsett for ver og vind må også snart takast.



VIL DU VERE MED Å BIDRA TIL INNHALDET I HELGESTUNDER?

Har du ei god historie frå arbeidet i kyrkja, ein aktivitet du vil gjere betre kjent, ei anekdote som fleire har glede av å lese? Frist for innsending av stoff til neste nummer vert 9. februar, - send til kyrkjekontoret: post.hoyanger@kyrkja.no

I glede og sorg

DØYPTE

Kyrkjebo

Tyra Vienna Lambrechts 21.09.2025

Vadheim

Sander Vik Fureli-Larsen 17.08.2025

Lavik

Emily Matthews 07.09.2025

Thea Borlaug Johnsen 07.09.2025



DØDE

Høyanger

Terje Magnar Myrekrok 22.02.1937 - 03.06.2025

Olav Øye 08.12.1934 - 0.06.2025

Odd Ingar Martinsen 01.06.1948 - 25.06.2025

Reidun Mork 19.06.1954 - 24.05.2025

Kjellaug Gerd Måren 16.09.1934 - 29.07.2025

Olav Fossen 17.11.1945 - 03.08.2025

Bjarne Thune 10.07.1932 - 16.08.2025

Olga Burdahl 20.10.1940 - 09.08.2025

Ranveig Gustafson 22.07.1942 - 20.08.2025

Aud Inger Læg Reid 27.09.1947 - 31.08.2025

Margot Torsvik 28.10.1950 - 07.09.2025

Tom Lundberg 19.11.1944 - 10.09.2025

Ingemund Olav Måren 06.03.1933 - 14.09.2025

Tor Ormberg 10.11.1946 - 22.09.2025

Arthur Olai Nesset 29.09.1929 - 24.09.2025

Thor Helge Wormsen 09.09.1946 - 27.09.2025

Egil Lidal 24.09.1943 - 03.10.2025

Britt Ellen Mundal 20.09.1944 - 08.10.2025

Kyrkjebo

Lilly Ljotebø 14.09.1939 - 03.07.2025

Ansgar Audun Nordstrand 12.05.1944 - 09.07.2025

Lovisa Maria Frivik 06.07.1934 - 17.08.2025

Oddborg Hellebø Klævold 08.11.1939 - 30.09.2025

Vadheim

Svein Hovland 13.06.1935 - 20.09.2025

Lavik

Ruth Arnestad 04.10.1960 - 04.06.2025

Øyvind Mølmesdal 04.10.1941 - 01.10.2025

Arne Røe 02.07.1943 - 07.10.2025

Bjordal


Åsta Marie Sørebo 17.09.1928 - 15.07.2025

Ortnevik

Inger Mo Brekke 04.12.1932 - 10.09.2025

Ikjefjord

Katinka Emilie Brekken 11.03.1929 - 28.08.2025



*Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.*

Gudstenester

30. NOV: 1. SØNDAG I ADVENT

Kl. 16, Kyrkjebø: Lysmesse. A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 19, Lavik: Lysmesse. IC Fitje / H Dahlstrøm

03. DES: ONSDAG

Kl. 19, Høyanger: Lysmesse. A Ester / H Dahlstrøm

07. DES: 2. SØNDAG I ADVENT

Kl. 18, Bjordal: Lysmesse. IC Fitje / PT Jobbagy

24. DES: JULAFTA

Kl. 13, Vadheim. A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 14.30, Kyrkjebø. A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 16, Høyanger. A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 14, Ortnevik. I.C. Fitje /

Kl. 15, Lavik. T Lange / KB Ringereide

Kl. 16, Bjordal. I.C. Fitje /

10. JAN: LAURDAG

Kyrkje- og misjonsdag på Alværa

11. JAN: 2. SØNDAG I OPENBERRINGSTIDA

Kl. 11, Kyrkjebø: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

14. JAN: ONSDAG

Kl. 19, Høyanger: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

18. JAN: 3. SØNDAG I OPENBERRINGSTIDA

Kl. 11, Lavik: Gudsteneste, Lys vaken.

T Lange / KB Ringereide

Kl. 11, Bjordal: Gudsteneste. IC Fitje / PT Jobbagy

23.-25. JANUAR

Konfirmanthelg på Alværa

8. FEB: KRISTI FORKLÅRINGS DAG

Kl. 11, Kyrkjebø: Gudsteneste

Kl. 18, Høyanger: Gudsteneste.

A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 15, Ortnevik: Karnevalgudsteneste. IC Fitje m.fl.

15. FEB: FASTELAVNSSØNDAG

Kl. 11, Lavik: Gudsteneste

Kl. 16, Bjordal: Gudsteneste. IC Fitje / PT Jobbagy

22. FEB: 1. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11, Høyanger: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

1. MARS: 2. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11, Kyrkjebø: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

8. MARS: 3. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11, Lavik: Gudsteneste. IC Fitje m.fl. (Mariahelg)

15. MARS: 4. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11, Høyanger: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 11, Bjordal: Gudsteneste. IC Fitje /

22. MARS: MARIA BODSKAPSDAG

Kl. 11, Vadheim: Samtalegudsteneste

Kl. 18, Høyanger: Samtalegudsteneste 1

A Ester / H Dahlstrøm

25. MARS: ONSDAG

Kl. 19, Høyanger: Samtalegudsteneste 2

A Ester / H Dahlstrøm



NB: Det kan skje endringer! Følg med på Facebook, plakatar eller på: www.kyrkja/hoyanger/



Julekonsertar i kyrkjene:

09.12. kl. 19.00 Kyrkjebø:
Kyrkjebø ungdomslags songkor m.fl

10.12. kl. 19.00 Vadheim:
Vadheim musikklag

13.12. kl. 16.00 Høyanger:
Fagforeningens Musikklag

14.12. kl. 17.00 Lavik: Fjordbrass

14.12. kl. 17.00 Ortnevik:
Vadheim musikklag og lokale krefter.

17.12. kl. 18.00 Høyanger:
Julesong (Einar Bolstad,
Kari Malmanger og Gunn Kvaale)